

# Kriterium – Regionale stimuleringsmidlar

## Krav til søknad

- Søknaden må falle innanfor formålet med utlysinga
- Prosjektet skal nytte data frå eit nasjonalt, regionalt eller lokalt medisinsk kvalitetsregister.
- Prosjektet skal ha dokumentert leiarforankring
- Prosjektet må ha ei tidsavgrensing på 1,5 år

## Søknadane vert vurdert etter følgjande kriterium

---

### Prosjekt som følgjer forbetningsmetodikk

- bakgrunn og behovet for prosjektet kjem tydeleg fram
- prosjektet har tydeleg fagleg forankring
- det er definert eit eller fleire konkrete mål som er tal- og tidfesta slik at forbetring kan bli målt kontinuerleg
- prosjektgruppa har forbetningskompetanse eller det er lagt ein plan for korleis dette skal skaffast
- det bør vere tverrfagleg deltaking og involvering av brukarrepresentant dersom det er hensiktsmessig
- det bør vere lagt ein plan for implementering av endringstiltak og formidling av resultat
- prosjektet må mogleg å realisere innanfor den økonomiske ramma det er søkt om

### Prosjekt som følgjer forskingsmetodikk

- det er behov for ny kunnskap og forskingsspørsmål er definert
- variablar frå kvalitetsregisterert skal nyttast i prosjektet
- prosjektgruppa/-leiar har forskingskompetanse eller det er lagt ein plan for korleis dette skal skaffast
- naudsynte godkjenningar ligg føre (t.d. om det er aktuelt å søke REK) eller det er ein realistisk plan for å skaffe desse før prosjektstart
- brukarrepresentant er representert i prosjektet eller det er lagt ein plan for korleis dette skal rekrutterast
- det bør vere lagt ein plan for formidling av resultat
- prosjektet er tidsavgrensa og mogleg å realisere innanfor den økonomiske ramma det er søkt om

---

## Presisering

*Søknadane blir vurdert på bakgrunn av det som blir lagt inn elektronisk søknadsskjema. Vedlegg skal kun gjelde leiarforankring og eventuell utfyllande informasjon om prosjektgruppa.*

*Ved mange kvalifiserte søknader så kan søknadar om kvalitetsforbetningsprosjekt bli prioritert framfor forskingsprosjekt. Prosjekt som har fått økonomisk stønad frå andre kjelder kan også bli nedprioritert ved mange søknadar.*

*Det blir ikkje tildelt midlar til etablering av kvalitetsregister, ordinær registerdrift, datakvalitetsprosjekt og investeringar (som til dømes kjøp, utvikling og/eller drift av elektronisk innrapporterings- og/eller resultatløysing).*

## Dersom du søker midlar til prosjekt som følgjer forbetningsmetodikk:

I dei lokale føretaka i Helse Vest har ei rekke tilsette kompetanse i kvalitetsforbetningsmetodikk. Desse forbetningsagentane arbeider i ulike avdelingar i regionen og kan kontaktast med spørsmål om moelegheit for å gi bistand i kvalitetsforbetningsarbeid.

Dei lokale kvalitetsforbetnings- og pasienttryggleikskoordinatorane har oversikt over kven som har forbetningskompetanse:

Helse Stavanger: Fag og foretaksutvikling (FFU)

Helse Fonna: [Laila Østebøvik](#)

Helse Bergen: [Gerd Gran](#)

Helse Førde: [Kari Holvik Furevik](#)

Sjukehusapoteka Vest: [Randi Elisabeth Nyhammer-Taklo](#)

Haraldsplass/private, ideelle: [Tove Zacariassen](#)

## Rapportering

Det vert etterspurt ein kort statusrapport halvveis uti prosjektperioden og til slutt ein fagleg poster som skal sendast til Fagsenter for medisinske kvalitetsregister seinast to månader etter prosjektslutt. I denne posteren skal det gjerast greie for resultat av prosjektet, særleg erfaringar som kan vere nyttige for andre fagmiljø i og utanfor Helse Vest. Posterpresentasjon av prosjektet vil bli formidla av Fagsenteret på blant anna senteret si heimeside.

Det skal utarbeidast også ein rekneskapsrapport. Ubrukte midlar kan berre unntaksvis overførast utover prosjektperioden og då etter særskilt grunngjeving. Søknad om overføring av midlar må sendast til Fagsenter for medisinske kvalitetsregister i Helse Vest seinast november året etter tildeling. Ubrukte midlar kan berre overførast *ein* gong.

Eventuelle spørsmål kan sendast til [kvalitetsregistre@helse-vest.no](mailto:kvalitetsregistre@helse-vest.no)

Fagsenter for medisinske kvalitetsregistre i Helse Vest  
(Nasjonalt servicemiljø for medisinske kvalitetsregistre, Region Vest)